



Det kongelige landbruks- og matdepartement

Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Telefon: 700 84 670

Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

E-post: kontor@landbrukskontoret.no

Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 20.10.2014

HØYRINGSUTTALE TIL FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT I JORDBRUKET

Vi syner til mottatt høyringsframlegg datert 09.07.2014 om ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Søre Sunnmøre Landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Vi har desse merknadane til framlegget:

Kravet om vanleg jordbruksproduksjon

Det er avgjerande at vilkåret om "vanleg jordbruksproduksjon" vert førd vidare i forskrifta. Rettleiaren må likevel vere så konkret som råd slik at det ikkje vert for komplisert å avgrense hobbybruka.

Oppheving av kravet om tilknytning til landbrukseigedom

Vi er skeptiske til opphevinga av kravet då det kan føre til store produksjonar i fjøs (fabrikkproduksjon) utan at det er knytt areal til eigedomen. Oppfylling av beitekravet kan og vere problematisk for slike bruk.

Beviskrav og omvendt bevisbyrde

Dette bør vere som det er i dag. Det bør vere den enkelte søkjar som skal leggje fram bevis og ikkje forvaltinga. Det vil verte mykje meir arbeid for forvaltinga om vi må leite fram bevis i den enkelte saka.

Tilskot til avløyasing ved ferie og fritid

Arbeidet avløyarslaga utfører er særst viktig. Ordninga med at avløyarslaget kan få utbetalt tilskotet direkte er ei god og praktisk ordning som bør halde fram. Laga tek i dag risiko med å forskotere utgiftene til avløyaren. Ein konsekvens av å avvikle ordninga med direkte utbetaling til laga kan vere at gardbrukaren ikkje har råd til å forskotere kostnadane til avløyaren.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef